



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 95 L

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i vallova og partilova
(høve til elektroniske underskrifter på
listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing
av førehandsrøyster m.m.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	5	Framlegg til endringar i partilova	16
2	Bakgrunn for lovframlegget	6	5.1	Endringar i partilova som følgje av at fylka ikkje lenger er valdistrikt ved stortingsval	16
3	Høyringa	7	5.2	Retting av feil tilvising i partilova § 18 første ledd	16
4	Framlegg til endringar i vallova	9	6	Gjennomføringa av stortings- og sametingsvalet i 2021	17
4.1	Høve til elektroniske underskrifter på listeforslag	9	6.1	Valgjennomføring i ein pandemi	17
4.1.1	Gjeldande rett	9	6.1.1	Smittevernfareleg forsvarleg valg gjennomføring	17
4.1.2	Høve til elektroniske underskrifter på listeforslag ved stortingsvalet i 2021	9	6.1.2	Utgreiingar av det juridiske handlingsrommet	17
4.1.3	Forslaget til vallovutvalet	10	6.1.3	Mellombelse lovendringar, smittevernrettleiar og informasjon	17
4.1.4	Høyringa	10	6.2	Fullmaktskomiteens merknader i Innst. 1 S (2021–2022)	18
4.1.5	Departementets vurdering	11	6.3	Arbeidet med å styrkje motstandsevna mot uønskt påverknad ved val	18
4.2	Høve til å leggje eit vallokale utanfor røystekrinsen	11	6.4	Valobservasjon	18
4.2.1	Gjeldande rett	11	6.4.1	Valobservasjon under utbrotet av covid-19	18
4.2.2	Høve til å leggje eit vallokale utanfor røystekrinsen ved stortingsvalet i 2021	11	6.4.2	Internasjonal valobservasjon	19
4.2.3	Forslaget frå vallovutvalet	12	6.4.3	Nasjonale valobservatørar frå European Dialogue and Democracy Association (EDDA) ...	19
4.2.4	Høyringa	12	6.5	Statistikk	20
4.2.5	Departementets vurdering	12	6.5.1	Valdeltaking ved stortingsvalet	20
4.3	Høve til å opprette ekstra vallokale	12	6.5.2	Talet på førehandsrøyster ved stortingsvalet	21
4.3.1	Gjeldande rett	12	6.5.3	Valdeltaking ved sametingsvalet ...	22
4.3.2	Høve til å opprette ekstra vallokale ved stortingsvalet i 2021	12	6.6	Evalueringar og forskning	22
4.3.3	Forslaget frå vallovutvalet	13	6.6.1	Innleiing	22
4.3.4	Høyringa	13	6.6.2	Valgjennomføringsundersøkinga 2021 og evaluering av Valdirektoratets tenester	22
4.3.5	Departementets vurdering	13	6.6.3	Undersøking om tilgjenge og tilrettelegging	22
4.4	Oppteljing av førehandsrøyster søndag før valdagen	14	6.6.4	Evaluering av føresegna i vallova om rett til assistanse ved røysting	23
4.4.1	Gjeldande rett	14	6.6.5	Kartlegging av uønskt utanlandsk påverknad ved stortingsvalet i 2021	23
4.4.2	Høve til å starte førebels oppteljing av førehandsrøyster søndagen før valdagen ved stortingsvalet i 2021	14	6.6.6	Evaluering av sametingsvalet	23
4.4.3	Forslaget frå vallovutvalet	14			
4.4.4	Høyringa	14			
4.4.5	Departementets vurdering	14			

7	Økonomiske og administrative konsekvensar	24	Forslag til lov om endringar i vallova og partilova (høve til elektroniske underskrifter på listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing av førehandsrøyster m.m.)	27
8	Merknader til lovframlegget	25		



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 95 L

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i vallova og partilova (høve til elektroniske underskrifter på listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing av førehandsrøyster m.m.)

*Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 8. april 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kommunal- og distriktsdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg om enkelte endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova) og lov 17. juni 2005 nr. 102 om visse forhold vedrørende de politiske partiene (partilova).

Departementet gjer framlegg om ei endring i vallova som gir høve til elektroniske underskrifter på listeforslag. Framlegget vil gjere det mogleg for politiske parti og uregistrerte grupper å samle inn underskrifter på listeforslag elektronisk.

Departementet gjer også framlegg om endringar som gir kommunane auka fleksibilitet i tilrettelegginga for ordinær røysting. Framlegga inneber å opne for at vallokale kan ligge geo-

grafisk utanfor røystekrinsen, og at valstyret kan vedta å opprette ekstra vallokale i ein røystekrins dersom det er nødvendig for å sikre at veljarane får høve til å røyste.

Vidare gjer departementet framlegg om ei endring i vallova som inneber at kommunane kan starte oppteljinga av førehandsrøyster søndagen før valdagen.

Dei nemnde framlegga gjaldt ved stortingsvalet i 2021, som følgje av mellombelse endringar i vallova.

Proposisjonen inneheld òg framlegg til to endringar i partilova som følgje av at fylka ikkje lenger er valdistrikt ved stortingsval, og retting av ein tilvisingsfeil i same lov.

2 Bakgrunn for lovframlegget

Regjeringa sette ned eit lovutval i juni 2017 som skulle utarbeide framlegg til ny vallov. Utvalet leverte utgreiinga si, NOU 2020: 6 *Frie og hemmelige valg – Ny valglov*, 27. mai 2020. Utgreiinga blei send på ei brei offentleg høyring med frist 31. desember 2020. På bakgrunn av framlegg frå utvalet og innspel i høyringa vil departementet fremje forslag til ei ny vallov. Den nye vallova vil tidlegast gjelde frå stortingsvalet i 2025. Når departementet fremjar ein proposisjon med lovendringar no, er det fordi det meiner det er nødvendig og formålstenleg med enkelte lovendringar som vil kunne gjelde ved valet i 2023.

Stortinget vedtok mellombelse endringar i vallova i juni 2020 og april 2021, jf. Prop. 133 L (2019–2020) og Prop. 89 L (2020–2021), som følgje av utbrotet av covid-19.

I juni 2020 vedtok Stortinget ei endring som opna for at politiske parti som ikkje fekk tilstrekkeleg oppslutnad ved førre stortingsval, og uregistrerte grupper kunne samle inn underskrifter på listeforslag elektronisk.

I april 2021 vedtok Stortinget endringar som skulle sikre at veljarar som er pålagde isolasjon eller er i karantene på grunn av covid-19, fekk høve til å røyste, og reglar som gav auka fleksibilitet for kommunane i tilrettelegginga for ordinær røysting. Dette omfatta blant anna å opne for at eit vallokale kan liggje geografisk utanfor røystekrinsen, og at valstyret på nærmare vilkår kunne vedta å opprette ekstra vallokale i ein røystekrins dersom det oppstod eit lokalt smitteutbrot. På bakgrunn av at det var venta fleire førehands-

røyster ved stortingsvalet i 2021, blant anna som følgje av pandemien, blei det vedteke at kommunane kunne starte opteljinga av førehandsrøyster søndagen før valdagen.

Endringane blei oppheva med verknad frå 1. januar 2022.

Utgangspunktet for desse mellombelse endringane var utgreiinga frå vallovutvalet, som foreslo tilsvarende endringar. Departementet meiner dette er gode forslag og støttar vurderingane frå vallovutvalet. Sidan desse endringane alt har vore gjeldande ved eitt val, meiner departementet at det er meir formålstenleg at dei blir vedtekne *no*, slik at dei også kan gjelde ved valet i 2023, i staden for å vente til forslaget om ny vallov blir lagt fram. Ei ny vallov vil først kunne komme i bruk ved stortingsvalet i 2025.

Samtidig er det gjort framlegg om to mindre endringar i partilova. I 2018 vedtok Stortinget å endre ei rekkje føresegner i vallova som nytta nemninga fylke i tydinga fylkets funksjon som valdistrikt, jf. Prop. 76 L (2017–2018), ettersom fylka ikkje lenger ville samsvare med valdistrikta ved stortingsval. Det blei ikkje samtidig gjort framlegg om å endre føresegna i partilova som også nyttar nemninga «fylke» når det i innhald var snakk om fylkets funksjon som valdistrikt. Departementet gjer derfor framlegg om å erstatte «fylke» med «valgdistrikt» i partilova § 4 første og andre ledd.

Departementet har dessutan oppdaga ei feil tilvising i partilova § 18 første ledd og gjer framlegg om å rette denne.

3 Høringa

Departementet sende 3. juni 2020 utgreiinga frå vallovutvalet, NOU 2020: 6 – *Frie og hemmelige valg – Ny valglov*, på høring. Høyringsfristen var 31. desember 2020. Utgreiinga blei send til desse høyringsinstansane:

Departementa

Arkivverket
 Barneombodet
 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
 Brønnøysundregistra
 Datatilsynet
 Digitaliseringsdirektoratet
 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
 Diskrimineringsnemnda
 Domstoladministrasjonen
 Forbrukartilsynet
 Forbrukarrådet
 Fylkesmennene (no statsforvaltarane)
 Helsedirektoratet
 Høgsterett
 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 Medietilsynet
 Nasjonalt tryggingorgan
 Nordem – Norsk ressursbank for demokrati og menneskerettar
 Noregs forskingsråd
 Partilovnemnda
 Skatteetaten
 Statens kartverk
 Statistisk sentralbyrå
 Sysselmannen på Svalbard (no Sysselmeisteren på Svalbard)
 Utdanningsdirektoratet
 Utlendingsdirektoratet
 Valdirektoratet

Nord universitet
 Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet
 Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
 Oslo Metropolitan University – Storbyuniversitetet
 Universitetet i Agder
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Oslo

Universitetet i Sørøst-Noreg
 Universitetet i Stavanger
 Universitetet i Tromsø

Noregs institusjon for menneskerettar
 Ombodsmannen for Forsvaret
 (no Forsvarsombodet)

Riksrevisjonen
 Sametinget
 Sametingets ungdomspolitiske utval
 Sivilombodsmannen (no Sivilombodet)

Fylkeskommunane
 Kommunane
 Longyearbyen lokalstyre

Den norske kyrkja
 Likestillingscenteret
 Norsk rikskringkasting
 Posten Norge AS

Aftenposten
 By- og regionforskningsinstituttet NIBR
 Dagbladet
 Dagens Næringsliv
 Den Norske Advokatforening
 Den Norske Dommerforening
 Den norske Helsingforskomité
 Evry
 Elevorganisasjonen
 Fagleg forum for formannskapssekretærar
 Forum for Kontroll og Tilsyn
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
 IKT-Norge
 Innvandrerne Landsorganisasjon
 Institutt for samfunnsforskning
 KS – Kommunesektorens organisasjon
 Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar
 MIRA-senteret
 Norges Blindforbund
 Norges Handikapforbund
 Norges Juristforbund
 Norsk Forbund for Utviklingshemmede
 Norsk Journalistlag
 Norsk Presseforbund

Endringar i vallova og partilova (høve til elektroniske underskrifter på listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing av førehandsrøyster m.m.)

Norsk Redaktørforening
 Norsk Kommunedirektørforum
 Norsk studentorganisasjon
 Norsk Telegrambyrå
 Norwegian Research Centre
 Pensjonistforbundet
 Rådet for eit aldersvennleg Noreg
 Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner
 Senter for likestilling
 TV 2
 Valforum
 Verdens Gang

Alliansen
 Arbeidarpartiet
 Demokratene
 Folkeaksjonen Nei til mer bompenger
 Framstegspartiet
 Helsepartiet
 Høgre
 Industri- og næringspartiet
 Kristeleg Folkeparti
 Kystpartiet
 Liberalistane
 Miljøpartiet Dei Grøne
 Noregs Kommunistiske Parti
 Partiet De Kristne
 Pensjonistpartiet
 Piratpartiet

Raudt
 Senterpartiet
 SV – Sosialistisk Venstreparti
 Venstre

Departementet fekk inn til saman 113 høyringsvar på utgreiinga frå vallovutvalet, og 13 av dei gjeld tema som er omtalte i denne proposisjonen. I tillegg gir om lag 20 høyringsinstansar generell og overordna støtte til lovforslaget frå utvalet. Høyringssvara er nærmare omtalte under lovforslaga nedanfor.

Desse instansane har hatt merknader til forslaga til lovendringar i denne proposisjonen:

Valdirektoratet
 Asker kommune
 Bergen kommune
 Eigersund kommune
 Gjerstad kommune
 Hammerfest kommune
 Molde kommune
 Oslo kommune
 Sarpsborg kommune
 Trondheim kommune
 Vestland fylkeskommune
 Viken fylkeskommune
 Noregs Kommunistiske Parti

4 Framlegg til endringar i vallova

4.1 Høve til elektroniske underskrifter på listeforslag

4.1.1 Gjeldande rett

Vallova kapittel 6 har reglar om krav til og behandling av listeforslag.

Listeforslag må vere underskrivne av ei viss mengd personar, jf. vallova § 6-3. For parti registrerte i Partiregisteret som ved førre stortingsval fekk ein oppslutnad på minst 500 røyster i eitt valdistrikt eller minst 5000 røyster i heile landet, er det tilstrekkeleg at listeforslaget er underskrive av minst to styremedlemmer i lokalavdelinga med ansvar for valdistriktet lista gjeld, jf. § 6-3 første ledd. Det same gjeld for parti som er registrerte i Partiregisteret etter førre stortingsval. Underskrivarane må ha røysterett i valdistriktet. Desse underskriftene kan vere elektroniske.

Listeforslag frå andre forslagsstillarar må ved stortingsval og fylkestingsval vere underteikna av 500 personar med røysterett i valdistriktet, jf. § 6-3 andre ledd bokstav a. Ved kommunestyreval skal listeforslaget som hovudregel vere underskrive av så mange personar med røysterett i kommunen at det svarar til to prosent av talet på røysteføre innbyggjarar ved siste kommunestyreval, jf. § 6-3 andre ledd bokstav b. Som eit minimum skal likevel listeforslag vere underskrivne av like mange røysteføre i kommunen som det skal veljast medlemmer til kommunestyret. Det er likevel alltid tilstrekkeleg med underskrifter frå 300 røysteføre.

Desse listeforslaga må innehalde underskrifter på papir. Ordlyden i lova er ikkje i seg sjølv til hinder for elektronisk underskrift. Forarbeida til lova er likevel klare på at omgrepet underskrift siktar til alminneleg underskrift på papir. I Ot.prp. nr. 45 (2000–2001) punkt 11.5 under overskrifta *Nærmere om begrepet «underskrift»* uttaler departementet blant anna dette:

Departementet mener at det er nødvendig å sonde mellom typer av underskrifter og hvilke hensyn som søkes ivare tatt ved utformingen av reglene. Etter vår oppfatning er innsamling av underskrifter til støtte for et listeforslag ikke å

anse som kommunikasjon i ordets vanlige forstand. Det dreier seg her om en ensidig dokumentasjon for å oppfylle valglovens regler om et visst antall underskrifter for å stille listeforslag fra et parti som ikke er registrert. Gjeldende bestemmelser i valgloven er basert på at underskriftene skal samles på papir. Elektronisk innsamling vil etter departementets syn være en endring i premisene som gjør at antall underskrifter må vurderes på nytt. Når det derimot gjelder kravet om at et listeforslag fra et registrert partis lokalavdeling skal være undertegnet av (etter utvalgets forslag; en leder og et styremedlem), etter departementets forslag; to styremedlemmer, kan departementet ikke se noen grunn til ikke å åpne for elektronisk underskrift.

Det er også slått fast i valforskrifta § 13 første ledd at desse underskriftene skal vere «skrift på papir».

4.1.2 Høve til elektroniske underskrifter på listeforslag ved stortingsvalet i 2021

Stortinget vedtok etter forslag frå departementet ei mellombels endring i vallova om høve til elektronisk underskrift på listeforslag ved stortingsvalet i 2021, jf. Prop. 133 L (2019–2020). Føresegna gav departementet heimel til i forskrift å fastsetje høve til å nytte elektronisk signatur for å skrive under listeforslag etter vallova § 6-3 andre ledd bokstav a ved stortingsvalet i 2021. Departementet fastsette eit mellombels høve til elektronisk underskrift på listeforslag i valforskrifta. I forskrifta blei det fastsett at systemet for elektronisk underskrift utarbeidd av Valdirektoratet skulle nyttast. Føresegnene blei oppheva med verknad frå 1. januar 2022.

Bakgrunnen for vedtaket var utbrotet av covid-19. Departementet la til grunn for forslaget at tilrådinga om avgrensa kontakt i befolkninga for å redusere smittefaren truleg gav partia og forslagsstillarane dårlegare høve til å innhente dei nødvendige underskriftene for å stille liste. Forslaget var ikkje meint å vere ei fullgod erstatning for alle måtar partia tidlegare har møtt

veljarane på, men ein effektiv og enkel løysing for å gi partia ein ekstra sjanse til å samle inn underskrifter.

Valdirektoratet fekk i oppdrag å utvikle ei elektronisk løysing for innsamling av digitale underskrifter på listeforslag. Løysinga gjorde det mogleg for forslagsstillarar å opprette digitale versjonar av listeforslag gjennom nettsida valg.no. Forslagsstillarane kunne dele ei direktelenkje til listeforslaget sitt digitalt og be publikum om å signere dette gjennom innlogging via ID-porten. Partia og gruppene kunne framleis også samle inn underskrifter på papir. Den digitale løysinga påverka ikkje behandlinga av listeforslaga i fylkesvalstyret. Fylkesvalstyret måtte på same måte som tidlegare kontrollere listeforslaga og underskriftene på listeforslaga, jf. vallova § 6-6.

4.1.3 Forslaget til vallovutvalet

Utvalet meiner tida er moden for å endre på dagens reglar om at underskrifter må vere skrift på papir. Underskrifter på listeforslag må kunne samlast inn elektronisk, og dei må kunne sendast inn til kommunen eller fylkeskommunen elektronisk. Dette vil gjere det lettare å samle inn underskrifter. Det vil også bli lettare for valstyresmaktene å behandle dei ettersom dei slepp å måtte tyde ulike skrifttypar på papir.

Utvalet meiner det er viktig å lage tilgjengelege digitale tenester, men tryggleiken i ei slik ordning må vere tilfredsstillande. Dersom kravet om skrift på papir blir fjerna, må bruken av elektroniske underskrifter regulerast på ein måte som sikrar at underskriftene som blir samla inn, er autentiske. Utvalet meiner at nærmare reglar om korleis ei ordning med elektroniske signaturar skal utformast, bør fastsetjast i forskrift.

Utvalet gjer framlegg om at det framleis skal vere mogleg å samle inn underskriftene på papir dersom forslagsstillarane ønskjer det.

4.1.4 Høyringa

Ti høyringsinstansar – *Bergen kommune, Eigersund kommune, Molde kommune, Oslo kommune, Sarpsborg kommune, Trondheim kommune, Vestland fylkeskommune, Viken fylkeskommune, Noregs Kommunistiske Parti (NKP)* og *Valdirektoratet* – har merknader til forslaget frå utvalet om å opne for elektroniske underskrifter på listeforslag. Alle desse støttar forslaget frå utvalet.

Nokre høyringsinstansar peikar på at forslaget vil vere arbeidssparande. *Oslo kommune* uttaler:

Valgstyret støtter forslaget om å fjerne krav om at underskrifter på listeforslag må vere skrift på papir og at departementet må utvikle en løsning slik at forslagsstillerne selv kan legge inn listeforslaget i EVA.

Dette forslaget vil gjøre det lettere for partiene å samle underskrifter og lettere for valgmyndighetene å behandle dem.

I tillegg mener utvalget at departementet bør vurdere å utvikle en løsning slik at listestillerne kan legge inn listeforslaget direkte [...] i EVA.

Dette vil spare mye administrativt arbeid. I tillegg vil det bli enklere å sende ut informasjon til kandidatene om at de er satt opp på et listeforslag og opplyse om adgangen til å be seg fritatt. Et annet viktig argument for dette forslaget er at forslagsstillerne vil få mer kontroll over eget listeforslag.

Tre høyringsinstansar har merknader til forslaget om at det framleis skal vere mogleg å samle inn underskrifter på papir. *Eigersund kommune* og *Viken fylkeskommune* støttar ikkje utvalets forslag og meiner at underskriftene utelukkande bør kunne samlast inn elektronisk. *Eigersund kommune* uttaler:

Valgsystemet EVA bør videreutvikles slik at alle listeforslag bør/skal leveres ved bruk av dette. Dette kombinert med digitale signaturer, vil sikre en langt høyere kvalitet på listeforslagene, f.eks. gjennom en tilsvarende automatisk manntallskontroll (valgbarhet) som i dag gjøres når valgstyret legger inn kandidatene i valgsystemet EVA. Samtidig vil det også gjøre det enklere for partiene som skal levere inn slike forslag og valgstyret som skal motta dem ved at det kan gjøres med digital veiledning og skjemarkontroll slik som for alle digitale skjema.

NKP meiner at det framleis må vere høve til å samle inn underskrifter på papir dersom det også i ny lov skal vere eit krav om eit visst tal underskrifter, og dei uttaler:

NKP mener at om partiet likevel skal måtte fortsette praksisen med å samle underskrifter foran hvert eneste valg, må dette være mulig både digitalt og med fysiske underskrifter på papir. Erfaringene partiet har gjort seg under koronaen, da det ble åpnet for digitale signeringmuligheter via Valg.no, viser at flere potensielle underskrivere diskrimineres fra å signere digitalt av ulike årsaker som dysleksi,

manglende elektronisk identifikasjon eller manglende tilgang til mobil/pc og/eller internett. Derfor må det også være mulig å fortsette praksisen med å signere fysisk på papir samtidig som det samles signaturer digitalt.

4.1.5 Departementets vurdering

Departementet er samd med vallovutvalet i at det bør opnast for elektroniske underskrifter på listeforslag. Departementet viser til at høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, er positive til ei slik endring. Dei fleste høyringsinstansane som uttalte seg om tilsvarande forslag til mellombels lovendring som blei vedteken for stortingsvalet i 2021, jf. Prop. 133 L (2019–2020), støtta òg forslaget, sjølv om enkelte uttalte at kravet til underskrifter burde fråvikast.

Departementet viser òg til at Valdirektoratet har innhenta synspunkt på løysinga for digital signering av listeforslag som blei nytta ved stortingsvalet i 2021, frå fylkeskommunane og forslagsstillarane. Både fylkeskommunane og forslagsstillarane meiner i hovudsak at løysinga var eit nyttig verkøy, men at ho bør utviklast vidare, og at det bør gjerast enkelte endringar. Fylkeskommunane blei òg spurde korleis dei opplevde denne løysinga i valgjennomføringsundersøkinga utført av Oslo Economics. Fleire gir uttrykk for at dei er positive til løysinga og ønskjer vidare digitalisering av listeforslagsprosessen.

Som følgje av at det blei opna for elektroniske underskrifter ved stortingsvalet i 2021 ved ei mellombels lovendring, og at det blei utvikla ei elektronisk løysing for innsamling av desse, meiner departementet at framlegget til endring bør kome no, og at ein ikkje bør vente til det blir lagt fram forslag om ny vallov.

Forslagsstillarar som skal stille liste etter dei forenkla reglane om underskrifter på listeforslag etter § 6-3 første ledd, har allereie etter dagens reglar høve til å nytte elektronisk underskrift. Også desse bør etter departementets syn nytte same løysing ved bruk av elektronisk signatur.

Departementet gjer på denne bakgrunn framlegg om ei føresegn som gir departementet heimel til å vedta i forskrift at det skal vere høve til å nytte elektronisk signatur for å skrive under listeforslag etter vallova § 6-3 gjennom bruk av ei godkjent elektronisk løysing. Dette vil vere ei løysing Valdirektoratet får utvikla og stiller til rådvelde.

Valdirektoratet vil på bakgrunn av forslaget til lovendring få i oppdrag å utvikle ei permanent løysing for innsamling av elektroniske underskrifter. Løysinga skal utviklast vidare slik at data enkelt

skal kunne eksporterast til det elektroniske valadministrasjonssystemet EVA i tråd med tilbakemeldingane på løysinga fylkeskommunane har gitt Valdirektoratet. Det bør òg vere mogleg å lagre påbyrja listeforslag, slik at arbeidet ikkje må gjerast på nytt ved eventuelle tidsavbrot, i tråd med tilbakemeldingane frå forslagsstillarane.

Digital tryggleik er ein grunnleggjande føresetnad for å halde oppe tilliten til digitale løysingar i offentleg sektor. Valdirektoratets løysing skal derfor framleis sikre krav til tryggleik og personvernet til den enkelte på ein god måte.

Departementet tek sikte på at den digitale løysinga skal vere klar til bruk innan 1. oktober 2022, og at løysinga fortrinnsvis skal nytte nasjonale felleskomponentar som ID-porten. Partia og gruppene vil òg framleis kunne samle inn underskrifter på papir. Departementet understreker at den digitale løysinga ikkje påverkar valstyrets og fylkesvalstyrets behandling av listeforslaga etter gjeldande reglar. Valstyret og fylkesvalstyret må kontrollere listeforslaga og underskriftene på listeforslaga, jf. vallova § 6-6.

Sjølv om elektronisk innsamling av underskrifter utgjer ei viss endring i premissane, fremjar departementet førebels ikkje noko framlegg om endringar i kravet til talet på underskrifter som skal samlast inn. Formålet med kravet om 500 underskrifter er å «sikre at de lister som opptrer ved valget har en viss tilslutning fra velgernes side», jf. Ot.prp. nr. 45 (2001–2002) punkt 11.2.3 s. 160. Kor mange underskrifter som bør krevjast, vil bli vurdert i oppfølginga av utgreiinga frå vallovutvalet. Departementet viser til at vallovutvalet i utgreiinga si har gjort framlegg om fleire endringar i regelverket for listeforslag, mellom anna krav til talet på underskrifter. Dette gjeld òg talet på underskrifter for å registrere eit parti i Partiregisteret.

4.2 Høve til å leggje eit vallokale utanfor røystekrinsen

4.2.1 Gjeldande rett

Det er valstyret som avgjer kvar det skal vere mogleg å røyste på valtinget, jf. vallova § 9-3 andre ledd. Departementet har lagt til grunn at vallokalet geografisk må ligge i røystekrinsen.

4.2.2 Høve til å leggje eit vallokale utanfor røystekrinsen ved stortingsvalet i 2021

Stortinget vedtok i 2021 ei mellombels endring i vallova om at vallokalet ved stortingsvalet i 2021

kunne liggje utanfor røystekrinsen, jf. Prop. 89 L (2020–2021). Føresegna blei oppheva med verknad frå 1. januar 2022.

Bakgrunnen for den mellombelse endringa var utbrotet av covid-19, og at stortingsvalet skulle kunne gjennomførast på ein smittevern fagleg forsvarleg måte. Det blei lagt til grunn at smittevernomsyn ville medføre andre krav til kva som er eigna som vallokale. Større lokale er for eksempel betre eigna enn små med omsyn til å redusere risikoen for smitteoverføring. Høve til å nytte vallokale som geografisk ligg utanfor røystekrinsen, ville kunne gjere det enklare å finne eigna vallokale.

4.2.3 Forslaget frå vallovutvalet

Utvalet peikar på at kravet om at vallokalet geografisk må liggje i røystekrinsen, kan medføre at andre, meir eigna og tilgjengelege lokale utanfor røystekrinsen ikkje kan nyttast. Bakgrunnen for føresegna har vore å sikre at vallokala ligg nær der veljarane er manntalsførte. Samtidig er det ikkje noka avgrensing på kor store krinsane kan vere. Utvalet meiner derfor at kravet om at vallokalet geografisk skal liggje i røystekrinsen, ikkje i seg sjølv sikrar at det er tilgjengeleg. Utvalet har tillit til vurderingane i kommunane og meiner det bør vere rom for at kommunane vurderer kvar det er formålstenleg å leggje eit vallokale. Utvalet understrekar derfor at forslaget det legg fram, ikkje fører vidare gjeldande rett om at vallokalet må liggje i røystekrinsen. Valstyret kan vedta at røystinga skal skje i eit vallokale som ikkje ligg i røystekrinsen, dersom det meiner dette lokalet er meir eigna og tilgjengeleg. Dette inneber for eksempel at kommunen kan dele kommunen inn i fleire mindre røystekrinsar som har vallokale i den same bygningen, for eksempel på ein skule, men at det blir nytta separate rom for kvart vallokale. Dette vil etter utvalet si vurdering kunne gi oversiktlege røystekrinsar og medverke til raskare opteljing og betre kontroll.

4.2.4 Høyringa

Alle høyringsinstansane som har teke stilling til forslaget frå utvalet om at eit vallokale ikkje geografisk treng å liggje i røystekrinsen, støttar forslaget. Desse er *Asker kommune*, *Bergen kommune*, *Hammerfest kommune*, *Molde kommune*, *Oslo kommune*, *Sarpsborg kommune* og *Trondheim kommune*.

Oslo kommune trekkjer fram at forslaget gir meir fleksibilitet når det gjeld å finne vallokale, og

at dette kan vere nyttig i tilfelle der dei i dag må gjere mellombelse krinsendringar fordi eit lokale er under ombygging.

Sarpsborg kommune viser òg til at forslaget gir kommunane større fleksibilitet, og at dette gir kommunen betre høve til å tilfredsstille kravet om at vallokalet skal vere tilgjengeleg for alle veljarar.

4.2.5 Departementets vurdering

Departementet er samd med vallovutvalet og høyringsinstansane i at det bør vere høve til å leggje vallokalet utanfor røystekrinsen. Som blant anna *Sarpsborg kommune* peikar på, gir ei slik føresegn kommunane større fleksibilitet samtidig som det gir dei betre høve til å tilfredsstille kravet om at vallokalet skal vere tilgjengeleg for alle veljarar. Ei slik føresegn gir òg, som vallovutvalet peikar på, kommunane høve til å dele kommunen inn i fleire mindre røystekrinsar som har vallokale i den same bygningen, for eksempel på ein skule, men at det blir nytta separate rom for kvart vallokale. Det vil kunne gi meir oversiktlege røystekrinsar og medverke til raskare opteljing og betre kontroll.

Ein slik regel blei mellombels fastsett for stortingsvalet i 2021, og departementet meiner derfor at ordninga bør innførast allereie no, utan å vente til forslag om ny vallov blir lagt fram. Dette fordi ei ny vallov først vil kunne tre i kraft ved stortingsvalet i 2025. Departementet gjer framlegg om å endre lova slik at det ikkje lenger er krav om at vallokalet må liggje i røystekrinsen.

4.3 Høve til å opprette ekstra vallokale

4.3.1 Gjeldande rett

Det er valstyret som avgjer kvar det skal vere mogleg å røyste på valtinget, jf. vallova § 9-3 andre ledd. Det skal berre vere eitt vallokale i kvar røystekrins.

4.3.2 Høve til å opprette ekstra vallokale ved stortingsvalet i 2021

Stortinget vedtok i 2021 ei mellombels endring i vallova om at valstyret ved stortingsvalet i 2021 sjølv kunne opprette ekstra vallokale for ein røystekrins ved lokale utbrot av covid-19, jf. Prop. 89 L (2020–2021).

Bakgrunnen for den mellombelse endringa var utbrotet av covid-19 og at stortingsvalet skulle kunne gjennomførast på ein smittevern fagleg forsvarleg måte. Ved å opprette fleire vallokale for

ein røystekrins ved lokale utbrot av covid-19 kunne ein spreie veljarane meir og dermed redusere køane i og utanfor vallokalet. Ekstra vallokale ville dessutan redusere behovet for å bruke kollektivtransport for å komme til vallokala. Ekstra vallokale kunne òg opprettast særskilt for veljarar i karantene, jf. no oppheva § 9-3 c.

Det blei samtidig vedteke særskilde rutinar for korleis røystinga skulle skje i ekstra vallokale. Dersom kommunen brukte elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen, skulle veljaren leggje røystesetelen direkte i urna, med mindre røystemottakaren i det ekstra vallokalet ikkje kunne setje kryss ved namnet på veljaren i det elektroniske manntalet. Dersom røystemottakaren ikkje kunne setje kryss ved namnet til veljaren i det elektroniske manntalet, eller dersom kommunen nytta papirmanntal, skulle veljaren ikkje leggje røystesetelen ned i urna. Veljaren skulle då røyste i røystesetelkonvolutt, og denne konvolutten skulle leggjast i ein omslagskonvolutt, som deretter skulle leggjast i ei urne.

Det blei òg vedteke at det ikkje kunne gjerast særskild oppteljing av røystesetlar som kom frå ekstra vallokale. Dette innebar at røystesetlane som var lagde direkte i urna i eit ekstra vallokale, skulle teljast opp på den måten valstyret fastsette at røystesetlane for røystekrinsen skulle teljast opp.

Føresegnene blei oppheva med verknad frå 1. januar 2022.

4.3.3 Forslaget frå vallovutvalet

Utvalet peikar på at valstyra har eit ansvar for å leggje til rette for at veljarane kan røyste. Utvalet meiner at valstyret i større grad bør kunne avhjelpe i tilfelle der veljarane ikkje får røysta på grunn av ein krisesituasjon. Valstyret bør derfor kunne opprette ekstra vallokale for ein røystekrins på valtinget som kjem i tillegg til det ordinære vallokalet. Med tanke på at valet skal vere tilgjengeleg for alle veljarar, bør valstyret ha høve til å opprette ekstra vallokale ikkje berre ved ekstraordinære hendingar, men generelt der valstyret vurderer dette som nødvendig for å sikre at veljarane får røyste. Utvalet gjer derfor framlegg om å lovfeste at valstyret kan opprette ekstra vallokale.

4.3.4 Høyringa

Ingen av høyringsinstansane har merknader til vallovutvalets forslag om at valstyret skal kunne opprette ekstra vallokale for ein røystekrins der-

som det er nødvendig for å sikre at veljarane får høve til å røyste.

4.3.5 Departementets vurdering

Departementet viser til at det er ein grunnleggjande rett å kunne røyste ved offentlege val. Departementet er samd med utvalet i at valstyret bør kunne opprette ekstra vallokale for ein røystekrins dersom det er nødvendig for å sikre at veljarane får høve til å røyste, og gjer derfor framlegg om ein slik regel. Departementet viser til at alle høyringsinstansane som uttalte seg i forkant av denne lovendringa, støtta framlegget.

Ein liknande regel blei fastsett for stortingsvalet i 2021, og alle høyringsinstansane som uttalte seg i forkant av denne lovendringa, støtta forslaget. Departementet meiner derfor at ordninga bør innførast alt no, utan å vente til det blir lagt fram forslag om ny vallov. Dette er fordi ei ny vallov først vil kunne tre i kraft ved stortingsvalet i 2025.

Departementet vil likevel peike på at det klare utgangspunktet etter gjeldande rett er at det skal vere berre eitt vallokale per røystekrins, og gjer framlegg om å ta dette inn i lovteksten. Heimelen for å opprette eit ekstra røystelokale for røystekrinsen kan av den grunn berre nyttast dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å opprette eit ekstra vallokale for å sikre at veljarane har høve til å røyste. Dette kan for eksempel vere å opprette eit ekstra vallokale på ei øy dersom brua til fastlandet, der vallokalet i røystekrinsen ligg, må stengjast. Vilkåret om at det skal vere nødvendig for å sikre at veljarane har høve til å røyste, vil ikkje vere oppfylt der forholdet som aktualiserer å opprette ekstra vallokale, var kjent ved inndelinga av kommunen i røystekrinsar. Heimelen kan likevel nyttast der det har vore kjent at det er eit visst sannsyn for at noko vil kunne oppstå, men der dette ikkje er sikkert, for eksempel ved lokale utbrot av smittsame sjukdommar som covid-19. Det ekstra vallokalet for røystekrinsen treng ikkje å liggje geografisk i røystekrinsen, jf. punkt 4.2.5.

Departementet gjer òg framlegg om at det blir fastsett føresegner for korleis røystinga skal skje i ekstra vallokale, og om at det ikkje skal kunne gjerast særskild oppteljing av røystesetlar som kjem frå ekstra vallokale. Departementet meiner at dei same reglane som på desse områda blei fastsette mellombels for stortingsvalet i 2021, bør gjerast permanente, jf. punkt 4.3.2, der desse reglane er omtalte nærmare.

4.4 Oppteljing av førehandsrøyster søndag før valdagen

4.4.1 Gjeldande rett

Det følgjer av vallova § 10-4 første ledd at det er valstyret som har ansvaret for oppteljinga av røystesetlane, og som avgjer kven som tel opp røystene, og på kva måte oppteljinga skal gjerast. Vallova § 10-4 inneheld likevel nokre reglar for oppteljinga og stiller blant anna krav om at røystesetlane skal teljast i to omgangar, éi førebels og éi endeleg oppteljing, jf. vallova §§ 10-5 og 10-6. I den førebelse oppteljinga skal røystesetlane teljast manuelt, jf. valforskrifta § 37 a.

Oppteljinga av førehandsrøyster skal starte seinast fire timar før røystinga er avslutta ved alle vallokala i kommunen. Oppteljinga kan berre starte dersom oppteljinga kan skje utan å stride mot prinsippet om hemmeleg val. Om dette ikkje er mogleg, skal oppteljinga starte så snart alle førehandsrøystegivingar er godkjende. Føresegna er tolka slik at det ikkje er høve til å starte oppteljinga før valdagen, men at dette er ikkje til hinder for at kommunane gjer førebuingar til oppteljinga. For eksempel kan røystesetelkonvoluttane opnast og røystesetlane sorterast.

Den førebelse oppteljinga av røystesetlane som kjem inn på valtinget, skal starte så fort som råd etter at røystinga på valtinget er avslutta.

4.4.2 Høve til å starte førebels oppteljing av førehandsrøyster søndagen før valdagen ved stortingsvalet i 2021

Stortinget vedtok i 2021 ei mellombels føresegn i vallova om at førebels oppteljing av røystesetlar som er leverte på førehand, kunne starte søndagen før valdagen, dersom dette kunne skje utan å stride mot prinsippet om hemmeleg val. Endringa gjaldt berre ved stortingsvalet i 2021, jf. Prop. 89 L (2020–2021).

Bakgrunnen for den mellombelse endringa var utbrotet av covid-19 og at stortingsvalet skulle kunne gjennomførast på ein smittevern fagleg svarleg måte. Departementet viste for det første til at det kunne ventast fleire førehandsrøyster ved valet i 2021. For det andre peika departementet på at kommunane i tillegg måtte organisere oppteljinga på ein annan måte enn normalt, ettersom dei måtte setje i verk smitteverntiltak som dei ikkje vanlegvis følgjer under oppteljinga. For det tredje viste departementet til at vallovutvalet i utgreiinga si meinte det ville kunne vere ein fordel for organiseringa av valgjenomføringa dersom

oppteljinga av førehandsrøyster ikkje må starte for tett på innspurten av valtinget. Føresegna blei oppheva med verknad frå 1. januar 2022.

4.4.3 Forslaget frå vallovutvalet

Utvalet meiner at omsynet til eit raskt valoppgjær tilseier at kommunane bør få fridom til sjølv å vurdere når oppteljinga av førehandsrøyster bør starte. Det vil også kunne vere ein fordel for organiseringa av valgjenomføringa dersom oppteljinga ikkje må starte for tett på innspurten av valtinget. Det er viktig at krav til hemmeleg hald av teljinga blir overhaldne, og oppteljinga må organiserast på ein slik måte at færrast mogleg kjenner til oppteljingsresultat. I dag vil særleg større kommunar klargjere for teljing på søndagen. Dette inneber blant anna å opne konvoluttar og sortere røystesetlar. På bakgrunn av dette gjer utvalet framlegg om å lovfeste at oppteljinga av førehandsrøyster bør kunne starte dagen før valdagen, det vil seie søndagen.

4.4.4 Høyringa

Alle høyringsinstansane som har uttalt seg om framlegget om at oppteljinga av førehandsrøyster kan starte tidlegast søndag før valdagen, støttar framlegget. Desse er *Asker kommune, Bergen kommune, Gjerstad kommune, Hammerfest kommune, Molde kommune, Oslo kommune, Trondheim kommune* og *Vestland fylkeskommune*.

Trondheim kommune meiner framlegget er ein naturleg konsekvens av påbodet om manuell teljing, ettersom det tek lengre tid enn maskinell.

Alle høyringsinstansane (med unntak av éin privatperson) som uttalte seg om tilsvarande forslag til mellombels lovendring som blei vedteke for stortingsvalet i 2021, jf. Prop. 89 L (2020–2021), støtta forslaget.

4.4.5 Departementets vurdering

Departementet støttar forslaget frå utvalet om at kommunane kan starte oppteljinga av førehandsrøyster søndagen før valdagen. Departementet viser for det første til at eit stort fleirtal av kommunane ønskjer å føre vidare høvet til å starte oppteljing av førehandsrøyster søndagen før valdagen, ifølgje valgjenomføringsundersøkinga for 2021. For det andre viser departementet til at utvalet i grunngevinga si trekkjer fram omsynet til eit raskt valoppgjær og omsynet til ei god organisering av valgjenomføringa. Departementet vil for det tredje peike på at det uavhengig av koronapande-

mien er ein stor prosentdel av veljarane som førehandsrøystar. Ved stortingsvalet i 2017 førehandsrøysta 36,4 prosent av alle som røysta ved valet, mens prosentdelen som førehandsrøysta i 2021 var 57,9. Det er derfor venta mange førehandsrøyster også ved framtidige val.

Departementet gjer på denne bakgrunn framlegg om at kommunane kan starte oppteljinga av førehandsrøyster søndagen før valdagen. Vilkåret om at oppteljinga berre kan starte dersom det kan skje utan å stride mot prinsippet om hemmeleg val, skal framleis gjelde. Det enkelte valstyret er ansvarleg for å sørgje for at omsynet til hemmeleg hald blir sikra under oppteljinga på søndagen.

Valstyret må sikre at røystesetlar og resultat blir oppbevarte på ein trygg måte fram til kl. 21 på valdagen, og at uvedkommande ikkje får tilgang til resultat frå den førebelse oppteljinga.

Som følgje av at det blei opna for å telje opp førehandsrøyster søndagen før valdagen ved stortingsvalet i 2021, meiner departementet at framlegget om denne endringa bør komme no, slik at regelen kan gjelde ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023. Ein bør ikkje vente til det blir lagt fram forslag om ny vallov, sidan denne tidlegast vil kunne ta til å gjelde ved stortingsvalet i 2025.

5 Framlegg til endringar i partilova

5.1 Endringar i partilova som følgje av at fylka ikkje lenger er valdistrikt ved stortingsval

Stortinget vedtok den 8. juni 2016 å slå saman Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag, jf. Prop. 130 LS (2015–2016) og Innst. 361 L (2015–2016), og den 8. juni 2017 vedtok Stortinget ei ny inndeling av det regionale folkevalde nivået, jf. Prop. 84 S (2016–2017) og Innst. 385 S (2016–2017). På bakgrunn av desse vedtaka blei 19 fylke slått saman til 11. Den nye fylkesinndelinga hadde konsekvensar for valordninga ved stortingsval, ettersom fylka på det tidspunktet var valdistrikt ved stortingsval. Det blei derfor i Prop. 76 L (2017–2018) gjort framlegg om å endre ei rekkje føresegnar i vallova som nytta nemninga «fylke» når det var snakk om funksjonen som valdistrikt. Det blei gjort framlegg om å endre «fylke» til «valgdistrikt» i desse føresegnene. Bakgrunnen for framlegget var at det følgjer av Grunnlova § 57 andre ledd at det skal vere 19 valdistrikt ved stortingsval. Det følgde samtidig av vallova § 11-1 at

kvart fylke utgjer eit valdistrikt. Lovframlegget blei vedteke av Stortinget i 2018.

Ved ein inkurie blei det ikkje samtidig gjort framlegg om å endre partilova, som også nyttar nemninga «fylke» når det i innhald er snakk om funksjonen som valdistrikt. Departementet gjer derfor framlegg om å erstatte «fylke» med «valgdistrikt» i partilova § 4 første og andre ledd.

Dette framlegget har ikkje blitt sendt på høyring, sidan det må reknast som openbart unødvendig, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd.

5.2 Retting av feil tilvising i partilova § 18 første ledd

Departementet gjer også framlegg om å rette opp ei feil tilvising i partilova § 18 første ledd. Det blir her vist til § 1 tredje ledd andre punktum. Riktig tilvising skal vere § 1 tredje ledd første punktum.

Dette framlegget har ikkje blitt sendt på høyring, sidan det må reknast som openbart unødvendig, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd.

6 Gjennomføringa av stortings- og sametingsvalet i 2021

6.1 Valgjennomføring i ein pandemi

6.1.1 Smittevernfareleg forsvarleg valgjennomføring

I perioden frå koronaviruspandemien braut ut våren 2020 og fram til stortingsvalet i september 2021 var det stor uvissheit knytt til korleis han ville påverke gjennomføringa av valet. Det var ikkje mogleg å seie noko sikkert om kor store smitteutbrot kommunane måtte vere budde på å handtere, og kva tiltak som ville kunne setjast inn for å hindre vidare smitte. I førebuingane til valet blei det derfor jobba med fleire moglege scenarior.

Samla sett er det departementets vurdering at valgjennomføringa i 2021 gjekk svært bra, og at den pågåande pandemien blei handtert godt. Kommunane var godt førebudde, hadde nødvendig beredskap og klarte å følgje både smittevernfaglege og demokratiske prinsipp ved valet.

6.1.2 Utgreiingar av det juridiske handlingsrommet

Det blei tidleg stilt spørsmål ved om det er mogleg å gjennomføre val under ein pandemi. Fleire andre land som etter planen skulle gjennomføre val våren 2020, valde å utsetje sine val. Grunnlova i Noreg krev at valet skal vere gjennomført innan utgangen av september månad, og det finst ingen skrivne reglar for utsetjing. Ei eventuell utsetjing må derfor heimlast i konstitusjonell nødrett, og terskelen her er svært høg. Departementets vurdering var at dersom det kort tid før valet kom smitteutbrot, lokalt eller nasjonalt, ville det kunne oppstå ein diskusjon om valet burde utsetjast.

Departementet fekk derfor hausten 2020 gjennomført ei utgreiing frå professor Eirik Holmøyvik om det rettslege handlingsrommet for dette, *Utgreiing om høvet til å utsetje eller forlenge valtinget eller å halde omval ved stortingsvalet i 2021 grunna koronasituasjonen* (vedlegg til Prop. 89 L (2020–2021)). Ut frå denne utgreiinga kunne ikkje departementet sjå at det ville vere mogleg å utsetje valet på grunn av den pågåande pandemien.

Det blei òg klart at det var nødvendig å avklare forholdet mellom smittevernlova og retten til å røyste. Kommunestyret har kompetanse til å gjere inngripande vedtak etter smittevernlova for å hindre eller førebyggje smitte. I innspel til departementet løfta fleire kommunar fram kommunane sin kompetanse etter smittevernlova som ei mogleg problemstilling, og dei var usikre på kva konsekvensar det vide høvet til å fastsetje smitteverntiltak ville kunne få for valgjennomføringa. Ettersom retten til å røyste er grunnlovsfesta, har styresmaktene plikt til å sikre at det er mogleg å røyste, sjølv om det er krevjande for kommunen å gjere det. For å unngå at kommunar vedtok smitteverntiltak som hindra gjennomføringa av valet, blei det teke inn ei føresegn i vallova om at kommunestyret ikkje kunne vedta smitteverntiltak med heimel i smittevernlova § 4-1 første ledd som medførte at stortingsvalet i 2021 ikkje kunne gjennomførast.

Slik pandemien og vaksinasjonsgraden utvikla seg, blei det ikkje reist vidare spørsmål verken om omval eller om forholdet til smittevernlova. Departementet meiner likevel det var avgjerande at forholdet til smittevernlova blei avklart, og at Stortinget tok stilling til det, i forkant av valet. Ei tidleg avklaring gav tryggleik og føreseielege vilkår som medverka til å halde på tilliten til gjennomføringa av valet.

6.1.3 Mellombelse lovendringar, smittevernrettleiar og informasjon

Det blei vurdert som nødvendig med enkelte mellombelse lovendringar i vallova for å sikre at alle veljarar kunne få delta i valet. Det blei teke inn eigne føresegner om korleis veljarar i karantene og isolasjon skulle få røyste, og perioden for ambulerande røysting blei utvida for å gi flest mogleg høve til å røyste.

Ei rekkje føresegner blei også endra for å gi kommunane større fleksibilitet til å handtere eit lokalt smitteutbrot. Det blei mogleg å nemne opp røystemottakarar frå andre kommunar, opprette ekstra vallokale og starte oppteljinga tidlegare. Departementet gjer framlegg om å føre vidare

enkelte av desse endringane som permanente endringar, sjå omtale i punkt 4.

Departementet gav i februar 2021 ut ein smittevernrettleiar for valgjennomføring, med innspel frå Folkehelseinstituttet. Den skulle hjelpe kommunane å gjennomføre valet, samtidig som dei tok hand om smittevernet.

Valdirektoratet fekk i oppdrag å medverke til at veljarane hadde god informasjon om korleis dei kunne røyste, og å spreie informasjon om smitteverntiltaka som gjorde det trygt å røyste. Det blei utarbeidd eigne tilpassa informasjonskampanjar for å nå ut med budskapet. Valdirektoratets interne evalueringar viser at budskapet kom godt fram, og i ei meiningsmåling svarer 94 prosent av respondentane at dei følte seg trygge på at smittevern blei teke hand om då dei røysta.

Dei mellombelse lovendringane blei brukte i ulik grad av kommunane, avhengig av smittesituasjonen og andre forhold i kommunen. Enkelte av endringane var svært viktige, særleg trekkjer kommunane fram høvet til å starte oppteljinga ein dag tidlegare. I tillegg var det avgjerande å ha reglar for å ta imot røyster hos veljarar i isolasjon og for korleis veljarar i karantene kunne røyste. Andre av dei mellombelse lovendringane ville først og fremst vere aktuelle dersom det oppstod eit lokalt smitteutbrot. Sjølv om det var høge smittenivå i september 2021, var det likevel ikkje så store lokale smitteutbrot at desse føresegnene blei viktige. Det var likevel viktig at kommunane hadde beredskap og handlingsrom til å handtere også meir alvorlege situasjonar enn det som blei nødvendig.

Departementet meiner at det å ha eit avklart juridisk handlingsrom, klare faglege råd og koordinert informasjon har medverka til at valgjennomføringa hadde høg legitimitet.

6.2 Fullmaktskomiteens merknader i Innst. 1 S (2021–2022)

Stortingets fullmaktskomité peikar i Innst. 1 S (2021–2022) innleiingsvis på at korrekt valgjennomføring er nødvendig for å halde oppe tilliten til valet, og at dette er viktig for å ha eit vel fungerande demokrati. Komiteen konstaterer at heilskapsinntrykket er at stortingsvalet 2021 blei gjennomført på ein god og effektiv måte i kommunane, og at fylkesvalstyra gjorde ein grundig kontroll med valstyra. Komiteen ser likevel at det framleis trengst forbetringar på enkelte område.

Departementet vil gå grundig gjennom merknadene frå komiteen i arbeidet med å følgje opp utgreiinga frå vallovutvalet.

6.3 Arbeidet med å styrkje motstandsevna mot uønskt påverknad ved val

For å styrkje koordineringa av arbeidet mot uønskt påverknad av val oppretta regjeringa ei arbeidsgruppe med relevante departement og verksemder i forkant av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019. Arbeidsgruppa blei ført vidare med eit revidert mandat i forkant av stortings- og sametingsvalet i 2021. Gruppa lanserte 13 tiltak som samla skulle styrkje motstandsevna mot uønskt påverknad ved val (sjå boks 6.1).

Arbeidsgruppa blir leidd av Kommunal- og distriktsdepartementet og har representantar frå Forsvarsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Utanriksdepartementet, Valdirektoratet, Politiets tryggingsteneste (PST), Nasjonalt tryggingorgan (NSM), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Etterretningstenesta (E-tenesta) og Medietilsynet.

Tiltaka var retta mot kandidatar, innbyggjarar, medium og dei som er ansvarlege for gjennomføringa av valet. Alle tiltaka blei gjennomførte.

Arbeidsgruppa vil halde fram arbeidet og vurdere eventuelle nye tiltak fram mot kommunistyre- og fylkestingsvalet i 2023.

6.4 Valobservasjon

6.4.1 Valobservasjon under utbrotet av covid-19

Vallova § 15-10 klargjer kva ansvar Noreg har for å leggje til rette for valobservasjon, og regulerer to forhold. For det første blir departementet gitt kompetanse til å akkreditere norske og internasjonale valobservatørar frå institusjonar eller organisasjonar for å observere gjennomføringa av val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre. For det andre blir kommunane pålagde å ta imot akkrediterte valobservatørar og leggje til rette for valobservasjon.

Formålet med valobservasjon er å vurdere om valet og valprosessen er i samsvar med nasjonal og internasjonal lovgiving og andre universelle prinsipp for demokratiske val. Departementets vurdering i forkant av valet var at dette formålet er endå viktigare når valet blir gjennomført under krevjande omstende. Forpliktinga til å ta imot valobservatørar blei ikkje sett til side på grunn av covid-19-pandemien. Departementet understreka i forkant av valet at det er viktig for tilliten til valet at frykta for smitte i seg sjølv ikkje blei brukt som eit argument for å hindre openheit rundt valgjennomføringa.

Boks 6.1 Regjeringa sin tiltaksplan for stortingsvalet 2021

1. Regjeringa legg til grunn risiko- og trusselvurderingar utarbeidde av Nasjonalt tryggingorgan (NSM), Politiets tryggingsteneste (PST) og Etterretningstenesta (E-tenesta) for å sikre gjennomføringa av valet.
2. PST og NSM gir avgjerdsstøtte og tryggleiksfaglege råd til politiske parti, styresmakt-personar og aktuelle verksemder.
3. NSM, PST og E-tenesta utarbeider ein informasjonsbrosjyre som blir send til alle kandidatar som stiller til stortingsvalet og same-tingsvalet i 2021.
4. NSM styrkjer evna si til respons, hendings-handtering og informasjonsdeling knytt til beredskapsordninga for sosiale medium (SoMeB).
5. NSM ved Nasjonalt cybertryggleikssenter styrkjer evna si til å avdekkje, varsle om, respondere og handtere nettverksoperasjonar mot valinfrastruktur og andre viktige aktørar knytte til valprosessen og valgjenomføringa.
6. Valdirektoratet gjennomfører testing av det elektroniske valadministrasjonssystemet EVA og alle plattformer som er nytta til direktoratets løysingar i samarbeid med NSM og andre eksterne aktørar. Direktoratet set i verk tiltak for auka tryggleik ved behov.
7. Valdirektoratet rettleier kommunar og fylkeskommunar om fysisk sikring av dei tekniske løysingane som blir nytta ved valet, og om sikker bruk i valgjenomføringa.
8. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har lyst ut eit forskingsoppdrag om valpåverknad.
9. I samband med førebuingar til gjennomføringa av valet vil Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap (DSB) arrangere beredskapsmøte med alle statsforvaltarar, og tverrsektorielle samvirkekonferansar med beredskapsaktørar på direktoratnivå.
10. DSB og Medietilsynet utviklar informasjonsmateriell og forbrukarvennlege råd om desinformasjon og falske nyhende for å styrkje den kritiske medieforståinga i befolkninga i forkant av valet.
11. Medietilsynet utviklar opplæringsressurs om falske nyhende og desinformasjon for seniorar for å styrkje den kritiske medieforståinga i denne gruppa i forkant av valet.
12. KMD utarbeider rettleiar om hatytringar og truslar retta mot kandidatar som stiller til val.
13. KMD inviterer media til dialogmøte om regjeringa sitt arbeid for å styrkje tryggleiken ved gjennomføringa av valet.

6.4.2 Internasjonal valobservasjon

Departementet inviterte OSSE (Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa) til å observere stortings- og sametingsvalet i 2021. OSSEs kontor for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) sende eit team for å gjennomføre ei kartlegging (Needs Assessment Mission) i juni 2021. Siktemålet med denne kartlegginga var å vurdere om dei skulle sende observatørar til stortingsvalet. ODIHR hadde digitale møte med ei rekkje aktørar, blant anna departementet, Valdirektoratet, Stortingets administrasjon, politiske parti, NRK, Medietilsynet, Den norske Helsingforskomité, Oslo kommune og Viken fylkeskommune. Med grunnlag i kartlegginga utarbeidde ODIHR ein rapport med sine vurderingar om valet som stod for døra.

ODIHR konkluderte i rapporten med at det var høg tillit til og mellom dei ulike aktørane i valgjenomføringa, og at det ikkje var nødvendig å

gjennomføre valobservasjon i Norge under stortingsvalet i 2021.

Den norske Helsingforskomité og Flyktninghjelpen er vanlegvis vertskap for ulike grupper internasjonale observatørar, men dette blei ikkje gjennomført i 2021 på grunn av covid-19-pandemien.

Departementet fekk ingen søknader om akkreditering av internasjonale valobservatørar ved stortingsvalet i 2021.

6.4.3 Nasjonale valobservatørar frå European Dialogue and Democracy Association (EDDA)

Departementet akkrediterte 15 nasjonale observatørar tilknytte organisasjonen European Dialogue and Democracy Association (EDDA). Observatørane deltok på eit seminar i departementet i forkant av valet, der dei fekk ei innføring i valordninga, regelverket for valgjenomføring og dei

mellombelse endringane som følgje av utbrotet av covid-19.

I etterkant av valet publiserte EDDA ein rapport frå observasjonen med oppsummering av dei viktigaste funna. Observatørane vitja 37 vallokale i Oslo kommune på valdagen. Observatørane vurderte røysteprosessen i alle dei observerte vallokala som bra eller veldig bra. Ifølgje rapporten var alle dei observerte vallokala tilgjengelege for veljarar med nedsett funksjonsevne. Etter vurderinga til observatørane hadde valmedarbeidarar motteke tilstrekkeleg opplæring. Observatørane merka seg at partirepresentantar (såkalla «listeberarar») var til stades utanfor eit fleirtal av vallokala, og meinte at det å vere til stades slik forstyrra valprosessen på ein upassande måte i 5 av dei 37 observerte lokala.

Rapporten trekkjer fram at oppteljinga blei utført på ein tilfredsstillande måte, og at prosedyren for å trekkje ut røystesetlar til gjennomgang for godkjenning blei gjort på ein ansvarleg måte. Observatørane registrerte at fleire tusen førehandsrøyster med punktskrift var problematiske å skanne, og at det blei vedteke å telje desse for hand.

EDDA konkluderer med at valet i Oslo kommune blei gjennomført på ein ryddig, open og demokratisk måte.

Nasjonale valobservatørar er ein sentral del av valobservasjonen i mange land, men har ikkje vore utbreidd i Noreg. Departementet meiner det er svært nyttig at også nasjonale observatørar er

til stades ved val, og vil oppfordre fleire organisasjonar til å observere vala framover.

6.5 Statistikk

6.5.1 Valdeltaking ved stortingsvalet

Valdeltakinga ved stortingsvalet i 2021 var på 77,2 prosent, ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Det er ein nedgang frå førre stortingsval på 1 prosentening, som tabell 6.1 viser. Valdeltakinga blant kvinner var 3,1 prosenteningar høgare enn blant menn. Valdeltakinga var høgast i Hordaland valdistrikt (79,9 prosent) og lågast i Finnmark valdistrikt (72 prosent).

71,7 prosent av førstegongsveljarane, det vil seie veljarar i aldersgruppa 18–19 år, nytta røysteretten. Blant førstegongsveljarane fall deltakinga med 1 prosentening samanlikna med førre stortingsval, men var høgare enn ved valet i 2013. I aldersgruppa 20–24 år auka valdeltakinga med 2 prosenteningar samanlikna med førre stortingsval. Det er i aldersgruppa 67–79 år valdeltakinga er høgast, etterfølgt av aldersgruppa 45–66 år. Mønsteret i valdeltaking etter alder er tilsvarande ved dei siste vala, som det går fram av tabell 6.2.

Valdeltakinga varierer òg med utdanningsnivå, som tabell 6.3 viser. Veljarar med universitets- eller høgskuleutdanning har langt høgare valdeltaking enn veljarar med grunnskule eller vidaregåande skule som høgaste fullførte utdanning. Ved stortingsvalet i 2021 fall valdeltakinga blant

Tabell 6.1 Valdeltaking ved stortingsval 2005–2021

Valår	2005	2009	2013	2017	2021
Valdeltaking i prosent	77,4	76,4	78,2	78,2	77,2

Kilde: SSB

Tabell 6.2 Valdeltaking etter alder 2013–2021 (prosent)

Alder	2013	2017	2021
18–19 år	70,4	72,7	71,7
20–24 år	63,0	63,4	65,4
25–44 år	75,6	74,3	72,0
45–66 år	82,8	83,6	82,3
67–79 år	87,6	85,9	85,0
80 år og eldre	70,7	69,1	70,3

Kilde: SSB

Tabell 6.3 Valdeltaking etter utdanningsnivå 2017 og 2021 (prosent)

Utdanningsnivå	2017	2021
Grunnskule	65,1	61,1
Vidaregåande skule	78,5	77,5
Universitets- og høgskule	90,4	88,0

Kilde: SSB

veljarar på alle utdanningsnivå. Deltakinga fall mest blant veljarar med grunnskule som høgaste fullførte utdanning, med ein nedgang på 4 prosent-einingar frå 2017. Blant veljarar med vidaregåande skule som høgaste utdanning fall deltakinga med 1 prosentening og blant veljarar med universitets- eller høgskuleutdanning med 2,4 prosenteningar.

I 2021 var deltakinga blant innvandrarar med norsk statsborgarskap 50 prosent, ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå. Det er ein nedgang på 5 prosenteningar frå stortingsvalet i 2017, som tabell 6.4 viser. Blant norske utan innvandrarbakgrunn var deltakinga til samanlikning 79,8 prosent i 2021.

Data viser òg at landbakgrunn har stor innverknad på valdeltakinga. Innvandrarar frå nordiske og vesteuropeiske land hadde ei deltaking på 74 prosent i 2021, som er ein auke på 3 prosent-einingar frå 2017. Innvandrarar frå afrikanske og asiatiske land hadde ei deltaking på 48 prosent, som er ein nedgang på 6 prosenteningar frå 2017. SSB peikar på at deltakinga gjekk ned også blant innvandrarar som har hatt røysterett ved fleire val, og at nedgangen ikkje kjem av lågare deltaking blant dei som har blitt statsborgarar sidan 2017.

Norskfødde med to innvandrareldre hadde ei deltaking på 52 prosent i 2021, mot 57 prosent i 2017. Nedgangen i deltaking var klarast blant norskfødde med foreldre frå afrikanske og asiatiske land.

6.5.2 Talet på førehandsrøyster ved stortingsvalet

I 2021 kunne veljarane førehandsrøyste frå 10. august til og med 10. september. Bruken av førehandsrøysting har vore aukande over fleire val. Som tabell 6.5 viser, var for første gong over halvparten av dei innkomne røystene førehandsrøyster. 57,9 prosent av dei innkomne røystene var førehandsrøyster, ein auke på heile 21,5 prosenteningar frå førre stortingsval. Det er ein klart større auke enn det som har vore observert mellom tidlegare val. I forkant av valet i 2021 oppfordra fleire kommunar innbyggjarane til å førehandsrøyste for å unngå trengsel og redusere smittefaren under valet.

Veljarar som ikkje kan røyste i perioden for ordinær førehandsrøysting eller på valdagen, har høve til å førehandsrøyste frå 1. juli (tidlegrøysting). Det er knytt nokre andre prosedyrar til tidlegrøysting enn ordinær førehandsrøysting, blant anna at røystesetelen skal takast imot i konvolutt. Det kom inn 8 469 tidlegrøyster i 2021. Det var færre veljarar som nytta høvet til å tidlegrøyste i 2021 enn ved stortingsvalet i 2017 og kommune- og fylkestingsvalet i 2019, som tabell 6.6 viser. Ifølgje Valdirektoratet røysta 0,22 prosent av dei røysteføre i tidlegrøysteperioden. Flest tidlegrøyster kom inn i Akershus valdistrikt (2 619 røyster), færrast i Aust-Agder valdistrikt (38 røyster).

Tabell 6.4 Valdeltaking blant innvandrarar med norsk statsborgarskap ved stortingsval 2005–2021

Valår	2005	2009	2013	2017	2021
Valdeltaking i prosent	53	52	53	55	50

Kilde: SSB

Tabell 6.5 Prosentdel førehandsrøyster ved stortingsval 2005–2021

Valår	2005	2009	2013	2017	2021
Prosentdel førehandsrøyster	17,9	24,4	30,2	36,4	57,9

Kilde: SSB

Tabell 6.6 Talet på tidlegrøyster ved stortingsvala i 2017 og 2021

Valår	2017	2021
Talet på tidlegrøyster	12 582	8 469

Kilde: Valdirektoratet

6.5.3 Valdeltaking ved sametingsvalet

Valdeltakinga ved sametingsvalet i 2021 var ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) 68,6 prosent. Det er ein nedgang på 1,7 prosenteningar samanlikna med valet i 2017.

Valdeltakinga ved sametingsvalet i 2021 var 8,6 prosenteningar lågare enn ved stortingsvalet. Til saman var det 13 834 godkjende røystegivingar ved sametingsvalet.

Resultatet frå valet viser store variasjonar i valdeltakinga i dei sju ulike valkrinsane. Det var høgast valdeltaking i dei to nordlegaste valkrinsane: Åvjavári valkrins med 77,3 prosent og Austre valkrins med 75,5 prosent. Valdeltakinga i Sør-Noreg valkrins var lågast, med 61,6 prosent. Dette er tilnærma likt valdeltakinga i 2017, som var på 61,4 prosent. Fire valkrinsar hadde høgare valdeltaking enn ved valet i 2017, mens tre valkrinsar hadde lågare valdeltaking. Den største endringa i valdeltakinga gjaldt Gáisi valkrins, som hadde ein nedgang på om lag 7 prosenteningar samanlikna med valet i 2017, frå 71,9 til 64,8 prosent.

Om lag halvparten av dei godkjende røystene til sametingsvalet blei gitt som førehandsrøyster.

6.6 Evalueringar og forskning

6.6.1 Innleiing

I samband med valet blei det gjennomført fleire evalueringar og undersøkingar på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet eller Valdirektoratet. Departementet gir her ein kort omtale av dei ulike oppdraga. Departementet er i gang med å gå gjennom resultatane frå oppdraga og vil komme tilbake til oppfølging på eit seinare tidspunkt. Desse evalueringane og undersøkingane vil òg bli brukte i arbeidet med å følgje opp utgreiinga frå vallovutvalet.

6.6.2 Valgjennomføringsundersøkinga 2021 og evaluering av Valdirektoratets tenester

På oppdrag frå departementet har Oslo Economics gjennomført ei undersøking om valgjennom-

føringa i kommunane og fylkeskommunane i 2021 (valgjennomføringsundersøkinga) og ei evaluering av Valdirektoratets tenester og system. Begge undersøkingane byggjer på data henta inn gjennom same spørjeskjema, som blei sendt til valansvarlege i alle kommunar og fylkeskommunar.

Valgjennomføringsundersøkinga tek for seg ei rekkje tema knytte til det ansvaret kommunane og fylkeskommunane har i valgjennomføringa. Undersøkinga dekkjer ulike aktivitetar gjennom heile valprosessen, frå listeforslagsbehandling og førebuande aktivitetar til sjølve gjennomføringa av valet og oppteljing og klagebehandling.

Evalueringa av Valdirektoratets tenester og system vurderer direktoratets opplæringstilbod, brukarstøtte og informasjonsarbeid og det elektroniske valadministrasjonssystemet EVA.

Resultata frå valgjennomføringsundersøkinga og evalueringa av Valdirektoratets tenester er summert opp i kvar sin rapport. Rapportane er publiserte på regjeringen.no. Liknande undersøkingar er blitt gjennomførte også ved tidlegare val.

6.6.3 Undersøking om tilgjenge og tilrettelegging

Institutt for samfunnsforskning (ISF) har på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet utarbeidd rapporten *Tilgjengelighet og tilrettelegging for funksjonshemmede ved stortingsvalget 2021*. Formålet med oppdraget var for det første å få auka innsikt i korleis kommunane arbeider for å oppfylle krava som vallova og valforskrifta set til tilgjenge og tilrettelegging. For det andre har det vore eit mål å få auka forståing for om og i kva grad kommunane oppfyller krava til tilgjenge og tilrettelegging i og rundt vallokale.

Rapporten byggjer på ei spørjeskjemaundersøking blant alle kommunane i landet, kvalitative intervju med valansvarlege i ni utvalde kommunar og observasjon av vallokale i dei same ni kommunane. Rapporten er publisert på regjeringen.no.

6.6.4 Evaluering av føresegna i vallova om rett til assistanse ved røysting

Stortinget vedtok endringar i assistanseføresegnene i vallova §§ 8-4 åttande ledd og 9-5 femte ledd i mars 2021 etter forslag frå departementet, jf. Prop. 67 L (2020–2021). Veljarar som på grunn av fysisk eller psykisk funksjonsnedsetjing ikkje kan røyste åleine, har etter endringa rett til hjelp frå ein røystemottakar eller ein annan person veljaren sjølv peikar ut. Det er ikkje lenger krav om at funksjonsnedsetjinga skal vere alvorleg, for at den røysteføre skal ha rett til assistanse frå ein hjelpar som vedkommande sjølv vel. Det avgjerande er at funksjonsnedsetjinga fører til at veljaren ikkje kan røyste åleine. Veljarar som har rett til assistanse ved røystinga, kan få hjelp av ein sjølvvald hjelpar utan at ein person frå valstyresmaktene er med inn i valavlukket. Det er ikkje lenger krav om at ein valmedarbeidar skal vere med inn i valavlukket i tillegg til den sjølvvalde hjelparen.

Det blei samtidig presisert i føresegnene kven som skal avgjere om den røysteføre har rett til assistanse.

Kantar Public har på oppdrag frå Valdirektoratet gjennomført ei spørjeundersøking om kor godt veljarane og valfunksjonæraner kjenner til endringane i reglane om kven som har rett til assistanse, og kven som skal assistere veljaren, og om korleis lovendingane har fungert i praksis.

6.6.5 Kartlegging av uønskt utanlandsk påverknad ved stortingsvalet i 2021

Informasjonspåverknad i samband med val har blitt eit mykje omtalt tema, særleg som følgje av Russlands forsøk på å påverke det amerikanske

presidentvalet i 2016. I trusselvurderingane sine vurderte PST og Etterretningstenesta utanlandsk påverknad, særleg frå Russland og Kina, som sannsynleg i samband med valet.

Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) fekk i oppdrag frå departementet å gjennomføre ei kartlegging og ein analyse av stortingsvalet 2021 med tanke på om valet blei utsett for uønskt utanlandsk påverknad. Kartlegginga er summert opp i rapporten *Uønsket utenlandsk påvirkning? Kartlegging og analyse av stortingsvalget 2021*, publisert i januar 2022. Rapporten er tilgjengeleg på regjeringen.no.

Som del av oppdraget skal FFI også utvikle ulike scenario for korleis norske val kan bli ramma av informasjonspåverknad og spreiding av desinformasjon. Scenarioa vil ta utgangspunkt i prosjektets eiga kartlegging, internasjonale erfaringar og eksisterande kunnskap om påverknad og desinformasjon. Det vil bli gjort greie for scenarioa i ein eigen rapport som skal leverast våren 2022.

6.6.6 Evaluering av sametingsvalet

Sametinget er øvste valstyresmakt ved sametingsval og gjer ei eiga evaluering av sametingsvalet. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for forvaltning av regelverket for gjennomføring av sametingsval. Departementet har så langt ikkje evaluert gjennomføringa av sametingsvalet særskilt, men har gitt Oslo Economics i oppdrag å gjennomføre ei tilleggsundersøking om gjennomføringa av sametingsvalet. Departementet vil i samarbeid med Sametinget greie ut kva endringar i regelverket som bør gjerast før sametingsvalet i 2025.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet gjer framlegg om ein heimel til å forskriftsfeste at det skal vere mogleg å samle inn underskrifter på listeforslag elektronisk. Kostnadene til vidareutvikling av løysinga som blei teken i bruk ved stortingsvalet i 2021, har Valdirektoratet kalkulert til å vere om lag 1 million kroner. Kostnadene kan dekkjast innanfor dei gjeldande rammene til direktoratet.

Dei andre forslaga om å opne for at vallokale geografisk kan ligge utanfor røystekrinsen, at valstyret kan vedta å opprette ekstra vallokale der-

som det er nødvendig for å sikre at veljarane får høve til å røyste, og at oppteljing av førehandsrøyster kan starte søndagen før valdagen, gir auka fleksibilitet for kommunane ved gjennomføring av val. Proposisjonen inneheld òg forslag til endringar i partilova som følgje av at fylka ikkje lenger er valdistrikt ved stortingsval, og retting av ein tilvisingsfeil i same lov. Forslaga vil ikkje medføre vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

8 Merknader til lovframlegget

Til vallova

Til § 6-3 a

Paragrafen er ny og gir departementet heimel til å gi forskrift om høve til å nytte også elektronisk signatur til å skrive under listeforslag etter § 6-3, gjennom bruk av ei godkjend digital løysing. Dette vil vere ei løysing som blir utvikla av Valdirektoratet. Digital tryggleik er ein grunnleggjande føresetnad for å halde oppe tilliten til gjennomføringa av val. Forskriftsheimelen kan derfor ikkje nyttast til å opne for elektronisk signatur på listeforslag gjennom bruk av andre digitale løysingar.

Sjå elles dei alminnelege motiva i punkt 4.1.

Til § 9-3 andre ledd

I *første punktum* blir det presisert at det er valstyret *sjølv* som skal gjere vedtak om kvar og når røystegivinga skjer. Dette myndet kan ikkje delegerast til andre. Dette er i tråd med korleis føresegna er blitt tolka, og blir teke inn i lovteksten av omsyn til at det i fjerde punktum blir teke inn ei føresegn om at valstyret kan opprette ekstra vallokale for ein røystekrins. Presiseringa er også i tråd med forslaget frå vallovutvalet. Andre punktum i gjeldande rett er ført vidare i *andre punktum*. *Tredje punktum* er nytt og fastset at det skal vere *eitt* vallokale per røystekrins. Det er i tråd med gjeldande rett, men heller ikkje dette har tidlegare kome direkte fram av lovteksten. Derimot er det ikkje lenger noko krav om at vallokalet må vere geografisk plassert i røystekrinsen. Bakgrunnen for presiseringa om berre *eitt* vallokale per røystekrins, er at det i nytt *fjerde punktum* blir opna for at valstyret likevel kan opprette ekstra vallokale for ein røystekrins dersom det er nødvendig for å sikre at veljarane får høve til å røyste. Myndet til å fastsetje dette er lagt til valstyret *sjølv*, jf. første punktum. Tredje til sjuande punktum i gjeldande andre ledd er førte vidare i *femte til niande punktum* i framlegget.

Sjå elles dei alminnelege motiva i punkt 4.2 og 4.3.

Til § 9-5 b

Paragrafen er ny og fastset reglar for korleis røystegivinga skal skje i ekstra vallokale som er oppretta etter § 9-3 andre ledd fjerde punktum.

Det følgjer av *første ledd* at dersom kommunen nyttar papirmanntal, skal røysta leggjast i ein røystesetelkonvolutt som blir lagt i ein omslagskonvolutt. Dette er fordi det då ikkje vil vere tilgjengeleg eit særskilt manntal for det ekstra vallokalet.

Det er i *andre ledd* fastsett reglar for korleis røystegivinga skal skje dersom kommunen har innført elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen, og det er straumbrot eller kommunikasjonsbrot mot manntalet, slik at det ikkje kan setjast kryss ved namnet på veljaren i manntalet. Røystesetlane skal då behandlast som beredskapsrøyster, jf. vallova § 9-5 a fjerde ledd. Dersom det elektroniske manntalet fungerer, skal røystene takast imot på vanleg måte, jf. vallova § 9-5 andre og tredje ledd og § 9-5 a andre ledd.

Sjå elles dei alminnelege motiva i punkt 4.3.

Til § 10-4 andre ledd andre punktum

Føresegna er ny og fastset at det ikkje kan gjerast ei særskild oppteljing av røystesetlar som kjem frå ekstra vallokale, jf. § 9-3 andre ledd fjerde punktum. Dette inneber at røystesetlar som er lagde direkte i ei urne, anten må teljast opp hos røystestyret i det ordinære vallokalet for røystekrinsen saman med dei andre røystesetlane som kjem inn i krinsen, eller teljast opp krinsvis eller samla hos valstyret. Røystesetlar som er lagde i røystesetelkonvoluttar og deretter i omslagskonvoluttar etter § 9-5 b første ledd, skal behandlast og teljast opp på same måte som andre røystesetlar som er lagde i røystesetelkonvoluttar og omslagskonvoluttar, jf. vallova § 10-6 andre ledd andre og tredje punktum. Tilsvarande skal beredskapsrøyster som er gitte etter § 9-5 b andre ledd, behandlast og teljast opp på same måte som andre beredskapsrøyster, jf. vallova § 10-6 andre ledd andre og tredje punktum.

Sjå elles dei alminnelege motiva i punkt 4.3.

Endringar i vallova og partilova (høve til elektroniske underskrifter på listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing av førehandsrøyster m.m.)

Til § 10-5 første ledd tredje punktum

Føresegna er ny og fastset at den førebelse oppteljinga av førehandsrøyster kan starte dagen før den offisielle valdagen. Dette inneber ei endring av gjeldande rett ved at tidspunktet for når oppteljinga kan starte, blir flytta fram éin dag. Oppteljinga kan berre starte dagen før valdagen dersom det kan gjerast utan å stride mot prinsippet om hemmeleg val, jf. første punktum.

Sjå elles dei alminnelege motiva i punkt 4.4.

Til partilova

Til § 4 første og andre ledd

«Fylke» er erstatta med «valgdistrikt».

Sjå elles dei alminnelege motiva i punkt 5.1.

Til § 18 første ledd

Endringa rettar opp feil tilvising i lova.

Sjå elles dei alminnelege motiva punkt 5.2.

Til iverksetjingsføresegna

Av omsyn til at det skal vere føreseieleg kva reglar som skal gjelde frå og med kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023, og til opplæringa av valansvarlege og valmedarbeidarar i kommunane og fylkeskommunane, gjer departementet framlegg om at endringslova skal ta til å gjelde straks. Det er ingen grunn til at endringane i partilova ikkje skal ta til å gjelde samtidig.

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i vallova og partilova (høve til elektroniske underskrifter på listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing av førehandsrøyster m.m.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i vallova og partilova (høve til elektroniske underskrifter på listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing av førehandsrøyster m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i vallova og partilova (høve til elektroniske underskrifter på listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing av førehandsrøyster m.m.)

I

I lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre blir det gjort følgjande endringer:

Ny § 6-3 a skal lyde:

§ 6-3 a *Adgang til elektronisk underskrift på listeforslag*

Departementet kan gi forskrift om adgang til elektronisk underskrift på listeforslag etter § 6-3 gjennom bruk av en godkjent digital løsning.

§ 9-3 andre ledd skal lyde:

(2) Valgstyret bestemmer *selv* hvor stemmegivningen skal foregå og fastsetter tiden for stemmegivningen. Stemmegivningen skal foregå i egnet og tilgjengelig lokale. *Det skal være ett valglokale for hver stemmekrets. Valgstyret kan opprette ekstra valglokaler for en stemmekrets hvis det er nødvendig for å sikre at velgerne får mulighet til å stemme.* Velgerne skal kunne ta seg inn i valglokalene uten hjelp. Andre lokaler skal ikke benyttes, med mindre særlige grunner foreligger. Kommunestyret kan selv, med tilslutning fra minst 1/3 av medlemmene, vedta å holde valglokalene åpne lenger enn det valgstyret har vedtatt. Slikt vedtak må treffes senest samtidig med budsjettet for det året valget skal holdes. Stemmegivningen mandag skal ikke foregå senere enn kl. 21.

Ny § 9-5 b skal lyde:

§ 9-5 b *Stemmegivning i ekstra valglokaler*

(1) Dersom kommunen bruker papirmanntall, skal stemmemottakere i ekstra valglokaler ikke sette kryss ved velgerens navn i manntallet. Stemmemottakeren skal stemple stemmeseddelen, og velgeren skal selv legge den i en stemmeseddelkonvolutt og lime konvolutten igjen. Deretter skal stemmemottakeren legge stemmeseddelkonvolutten i en omslagskonvolutt, lime omslagskonvolutten igjen og påføre den

velgerens navn, bostedsadresse og fødselsdato. Velgeren skal selv legge omslagskonvolutten i en urne.

(2) Dersom kommunen bruker en ordning med elektronisk avkryssing i manntallet, og stemmemottakeren ikke kan sette kryss ved velgerens navn i manntallet på grunn av strømbrydd eller kommunikasjonsbrydd mot manntallet, skal stemmeseddelen ikke legges i urnen, men behandles som en beredskapsstemme etter § 9-5 a fjerde ledd.

§ 10-4 andre ledd nytt andre punktum skal lyde:

Det kan ikke foretas særskilt opptelling av stemmesedler avgitt i ekstra valglokaler.

§ 10-5 første ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Opptellingen kan tidligst starte dagen før valgdagen.

II

I lov 17. juni 2005 nr. 102 om visse forhold vedrørende de politiske partiene blir det gjort følgjande endringer:

§ 4 første ledd fjerde punktum skal lyde:

Hvis partiet fikk minst 500 stemmer i ett *valgdistrikt* eller minst 5 000 stemmer i hele landet ved siste stortingsvalg, gjelder ikke vilkårene i § 3 annet ledd bokstav d.

§ 4 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Hvis ett av partiene fikk minst 500 stemmer i ett *valgdistrikt* eller minst 5 000 stemmer i hele landet ved siste stortingsvalg, gjelder ikke vilkårene i § 3 annet ledd bokstav d.

§ 18 første ledd skal lyde:

(1) Alle politiske partier og partiledde som er nevnt i § 1 tredje ledd *første* punktum, har regnskapsplikt og bokføringsplikt etter denne loven og forskrift gitt med hjemmel i loven.

Endringer i vallova og partilova (høve til elektroniske underskrifter på listeforslag, tidspunkt for førebels oppteljing av førehandsrøyster m.m.)

III

Lova tek til å gjelde straks.
